Det Lyser I Sille Grender

Det lyser I stille grender,
av tindrande ljos I kveld.
Og tusende barnehender
Mot himmelen ljosa held.

Og glade med song dei helsar
som broder i himmelhall
som kom og vart heimsens frelsar
som barn i en vesall stall.

(Der låg han med høy til pute
og gret på si ringe seng,
men englane song der ute
på Betlehems aude eng.)

Der song dei for fyrste gongen
ved natt over Davisd by
den evige himmelsongen
som alltid er ung og ny

Den Songen som atter tonar
med jubel kvar julenatt,
om barnet, Guds son, vår sonar
som døden for evig batt.